



FØREMÅL, DRIFT OG FORVALTING.

Den kommunale barnehage i Ulvik skal drivast i samsvar med gjeldande lover, retningslinjer og kommunale vedtak.

Nynorsk målform skal så langt råd er, nyttast i songar og litteratur i barnehagen.

Heradstyret har ansvar for forvaltning og tilsyn med barnehageverksemda i heradet. Styraren er den daglege, administrative, økonomiske og pedagogiske leiaren i barnehagen.

Heradsstyret er godkjenningorgan for barnehagane. Norm for arealutnytting er av heradsstyret sett til 4 m² pr. barn over 3 år og 5,33 m² for barn under 3 år. Samla leike- og opphaldsareal for dei fire avdelingane i Ulvik barnehage vert sett til 296 m², i tillegg kjem midlertidig modul avdeling på 72m² som var etablert i mai 2017.

Barnehagen skal ha eit samarbeidsutval og eit foreldreråd. Alle foreldre/føresette er medlem i foreldrerådet. Samarbeidsutvalet si samansetjing skal vera 2 representantar valde av foreldrerådet, 2 representantar valde av dei tilsette og inntil 2 representant vald av heradstyret. Barnehagestyrar er sekretær med møte-, tale-, og framleggsrett, men har ikkje stemmerett med mindre styraren er vald som utvalsmedlem. Samarbeidsutvalet er ansvarleg for drifta av barnehagen og skal i samarbeid med styrar sjå til at barnehagen vert driven i samsvar med lover, føresegner, vedtekter og kommunale vedtak.

BARNEHAGETILBODA.

Barnehageåret går frå 15. august til 14. august. Barnehagane er som hovudregel opne måndag til fredag, med unntak av planleggingsdagar for personalet og 3 veker i juli, som er feriestengd.

Barnehagane gjev tilbod om heildagsopphald 3, 4 eller 5 dagar i veka. Maksimal opningstid i barnehagane er 9 timar pr. dag (7.30 – 16.30). Kjernetida ved alle avdelingar er mellom kl.10.00 og kl.14.00. Julaftan og nyttårsaftan er barnehagane stengde. Onsdag før skjærtorsdag stengjer barnehagane kl 12.00.

Det vert ikkje reservert eigne kriseplassar, men i dei høve der barnevernet vurderer det som naudsynt, kan barnet tildelast barnehageplass i samråd med styrar i barnehagen.

Barnehagevedtekter - Ulvik herad



OPPTAK AV BORN.

Ved søknad om barnehageplass nyttar ein søknadsskjema som ein får i barnehagen i heradsadministrasjonen eller på heradet sine nettsider.

Hovudopptak er 15. august, barn som fyller 1 år innan 1. desember rett til plass i løpet av hausten, søknadsfrist til haustopptaket er 1. mai.

Ulvik barnehage har suppleringsopptak 1. februar og 1 april, med søknadsfrist 1. desember. Tilflyttare som grunna jobb har rett på og behov for barnehageplass, har søknadsfrist på 1 måned.

Opptak av born vert gjort av barnehagestyrar ut frå gjeldande vedtekter, om der er ledig kapasitet kan barnehagestyrar dispensere frå omtalte fristar

Barn som har fått plass i barnehagen, har plassen til foreldre/føresette seier han opp skriftleg.

Eige opplysningsskjema skal fyllast ut før barna tek til i barnehagen.

Fråvære skal meldast til barnehagen.

Barn som grunna sjukdom ikkje kan fylgja den vanlege/daglege rutine i barnehagen, må haldast heime.

Barnehagen har eigne retningsliner som omhandlar sjuke barn i barnehagen.

Når sjukefråværet strekkjer seg over meir enn 1 veke, skal barnehagen ha melding om kva som feilar barnet.

Styrrar tildelar plassar i barnehagen. Ved klage gjeld føresegnene om enkeltvedtak etter forvaltningslova. Formannskapet er klageinstans. Klagefristen er tre veker. Rådmann fungerer som underinstans ved handsaming av klage.

Ved opptak av born i avdelingane, skal det leggjast vekt på at barnegruppa skal fungera godt, og at det er balanse med omsyn til alder, kjønn og born med vanskar.

Nedre aldersgrense for opptak i barnehagen er 9 månader.

Etter opptak skriv foreldra under på at dei tek imot tilbodet, og at dei er kjende med vedtektene

FORELDREBETALING, OPPSEIING OG TAP AV PLOSS.

Betaling for opphald i barnehagen skjer forskotsvis kvar måned etter satsar vedtekne i heradsstyret. Satsane kan verta endra i barnehageåret m.a. i samband med nytt budsjett.

Det skal betalast for 11 månader, juli er betalingsfri.

Det vert ikkje gjeve betalingsfritak for tildelte barnehageplassar som i periodar ikkje vert nytta. Ved lengre sjukdom i 1 måned eller meir vert det gjeve betalingsfritak frå fyrste fråværsdag.

Det vert gjeve syskenmoderasjon: 30% for det andre barnet og 50% for det tredje og etterfølgjande barn som har barnehageplass.

Inntektsgradert foreldrebetaling: Det kan gjevast inntektsgradert foreldrebetaling etter søknad frå foreldre/føresette med låg betalingsevne. Moderasjonen vert rekna ut frå den type plass barnet har i barnehagen og aktuell pris på plassen.

Barnehagevedtekter - Ulvik herad



Inntektsgradert foreldrebetaling trer i kraft månaden etter at søknaden med fullstendig dokumentasjon er motteken, og har ikkje tilbakeverkande kraft. Moderasjonen varer for 1 år, dersom det ikkje er endringar i grunnlaget for utrekninga.

Etter 1 år må det søkjast på nytt, med ny dokumentasjon.

Får hushaldninga endra sin økonomiske situasjon eller sivile status, pliktar ein å opplysa om dette.

Skriftleg oppseiing av barnehageplass skal sendast styrar i barnehagen. Oppseiingsfristen er 1 månad. Dersom barnet sluttar etter 1. juni, må det betalast for resten av barnehageåret.

Foreldre/føresette er ansvarlege for betalinga i oppseiingstida.

Ved vesentleg betalingsforsøming kan barnet miste barnehageplassen. Foreldra skal då ha ein månads skriftleg åtvaring. Plassar kan også seiast opp ved mykje fråver utan grunn eller ved vesentleg bruk av plassen ut over avtala tid. Også slik oppseiing skal vera med ein månads varsel.

Barnehagevedtekter - Ulvik herad



ANDRE TILHØVE.

Dei tilsette i barnehagen og administrasjonen har teieplikt om alle personopplysingar dei i kraft av stilling eller ombod vert kjende med.

Desse vedtektene kan endrast av heradsstyret.

Søknadsfristar, søknadsskjema, vedtekter og opptaksreglar er å finna på heradet sine nettsider:
www.ulvik.kommune.no